



Arkivnr: 2019/705-8

Saksbehandlar: Matti Torgersen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		05.06.2019
Fylkesutvalet		12.06.2019

## Omlegging av takst- og rabattsystemet i Kvammapakken

### Samandrag

Etter ønske frå Kvam herad, har Statens Vegvesen i brev datert 22. mai 2019 utgreidd konsekvensar av å fjerne passeringstak i takstklasse 2. Utan passeringstak vil taksten bli på kr 65 i klasse 2, mens med passeringstak på 25 passeringar pr kalendermånad som no, vil taksten bli på kr 100 pr passering.

Granvin herad ønskjer passeringstak, mens Kvam herad ønskjer å fjerne det. Ettersom bommane ligg i Kvam, rår fylkesrådmannen til at ein følger vedtaket i Kvam herad.

**Økonomi:** Ingen konsekvensar

**Klima:** Ingen konsekvensar

**Folkehelse:** Ingen konsekvensar

**Regional planstrategi:** Ingen konsekvensar

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet rår til takst i takstgruppe 1 til 50 kr, og 65 kr for takstgruppe 2.
2. Det vert tak på 25 passeringar pr kalendermånad i takstgruppe 1, og ingen tak i takstgruppe 2

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Omlegging av takst- og rabattsystemet i Kvammapakken

## Fylkesrådmannen, 23.05.2019

### Bakgrunn

Statens Vegvesen har i brev datert 22. mai 2019 føreslått omlegging til takst- og rabattsystemet i Kvammapakken. Brevet er lagt ved.

Som ein konsekvens av innføring av nytt takst- og rabattsystem, vart takstane i alle bompengeprojekt justerte i tråd med nasjonale retningslinjer. Desse tilseier at det blir gitt 20 prosent rabatt ved brikkeavtale i klasse 1 (bilar under 3,5 tonn) og ingen rabatt i klasse 2. Grunnen til at det ikkje blir gitt rabatt i klasse 2, er at brikke er obligatorisk. I nytt takstsystem er det lagt opp til at takstane blir justerte fortløpande ut i frå inntektsmålet.

Takst i dag utan rabatt er 47 kroner for takstgruppe 1 og 94 kr for takstgruppe 2. Det er eit passeringstak på 25 passeringar kvar kalendermånad både for takstgruppe 1 og 2.

Etter ønske frå Kvam herad har Statens Vegvesen sett på konsekvensane av å fjerne taket for takstgruppe 2. Statens Vegvesen har difor i brev datert 29. mars 2019 gjort framlegg om justerte takstar med passeringstak. Takstane vert også justert for prisstigning.

### Vedtak i kommunane

Kvam herad og Granvin herad har handsama saka, men ikkje Samnanger kommune.

Granvin herad gjorde slikt vedtak 24.april 2019.

Granvin herad stiller seg bak nytt takst- og rabattsystem for Kvammapakken. Omlegginga medfører at det blir innført passeringstak på 25 passeringar kvar kalendermånad.

Følgjande bompengetakstar gjeld frå 1.8.19

Takstgruppe 1: 50

Takstgruppe 2: 100

Køretøy i takstgruppe 1 med gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke får 20 pst. rabatt.

Nullutsleppskøretøy i takstgruppe 1 med gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke betaler 50 pst. av taksten for takstgruppe 1 etter rabatt.

Kvam heradsstyre handsama 07.05.2019 sak om nye takstar i Kvammapakken, med nytt takst- og rabattsystem. Heradsstyret gjorde følgjande vedtak:

1. Det vert ikkje innført passeringstak i Kvammapakken frå 1.8.19 i gruppe 2. For gruppe 1 vert det innført passeringstak på 25 passeringar i månaden.
2. Bompengetakstar i frå 1.8.19 (2019-kr): Takstgruppe 1. 50 kr. Takstgruppe 2. 65 kr.
3. Køretøy i takstgruppe 1 med gyldig AutoPass- avtale og elektronisk brikke får 20% rabatt.
4. Nullutsleppskøretøy i takstgruppe 1 med gyldig AutoPass- avtale og elektronisk brikke betaler 50% av taksten for takstgruppe 1 etter rabatt. Takstgruppe 1 (nullutsleppskøretøy) med gyldig AutoPass-avtale- takst 20 kr.
5. Under føresetnad av at Hordaland Fylkeskommune gjer vedtak om redusert takst på 50% eller gjev annan reduksjon for nullutsleppskøretøy i takstgruppe 2, så ynskjer Kvam herad at det vert innført redusert takst for nullutsleppskøretøy i takstgruppe 2 i Kvammapakken.
6. Etter at ein har gjennomført drift i eit år med nye takstar, får rådmannen i oppgåve og evaluera verknaden av nye takstar, koma med framlegg om justering, for å sikra at Kvammapakken når inntektsmålet sitt og vert nedbetalt innan avtalt tid.

Skilnaden i dei to vedtaka er følgeleg hovudsakleg at Kvam herad ønskjer lågare takst i takstgruppe 2, og at det ikkje vert passeringstak. Granvin ønskjer passeringstak på 25 passeringar pr måned med takst 65 kr også for takstgruppe 2, men utan passeringstak.

Statens Vegvesen rår til å følge takstvedtaket i Kvam herad, ettersom bommane ligg i Kvam.

### **Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Grunna at takstane no skal endrast fortløpande om inntektsmålet ikkje vert endra, kan det ventast å kome ein del saker om endringar i takstar. Fylkesrådmannen ser ikkje grunn til å handsame takstendringssaker i dei tilfelle kommunane er einige. Om dei ikkje vert einige, legg fylkesrådmannen dei fram for politisk handsaming.

I nytt takst- og rabattsystem ligg det nasjonalt fastsette rårer for rabattsatsar, og takstar skal justerast fortløpande ut i frå inntektsmålet. Dette betyr i praksis at lokale og regionale styresmakter berre har to verkemiddel for å kunne påverke takstane i bompengeprosjekt, med mindre anna er omtalt i bompengeproposisjonen for prosjektet til Stortinget. Verkemidla er justering av passeringstak, og å kunne fastsetje takster på inntil 50 % av takst for nullutsleppskøyretøy. Når det gjeld nullutsleppskøyretøy, har fylkesutvalet lagt til grunn 50 % takst for klasse 1, og fritak i klasse 2.

Fylkesrådmannen er einig med Statens Vegvesen at ein legg til grunn vedtaket i Kvam herad om å fjerne passeringstaket, og å fjerne passeringstaket i takstgruppe 2.